

# Herøy kommune

## Innkalling

---

<b>Utval:</b>	Kommunestyret
<b>Møtestad:</b>	Fosnavåg konserthus
<b>Dato:</b>	10.12.2020
<b>Tid:</b>	Kl. 14:00

---

Gyldig forfall skal snarast meldast til politisk sekretariat på [arkiv@heroy.kommune.no](mailto:arkiv@heroy.kommune.no), som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet kan fylgjast via direkteoverføring på Herøy kommune si [Facebook-side](#).


Saksdokumenta er publiserte på [www.innsyn.heroy.kommune.no](http://www.innsyn.heroy.kommune.no).

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
169/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	20/4155
170/20	Godkjenning av protokoll	20/4155
171/20	Orienteringar	20/4155
172/20	Referatsaker	20/4155
173/20	Detaljregulering Flusund Brygge - slutthandsaming	19/10014
174/20	Detaljreguleringsplan for Leite fritidsområde - slutthandsaming	19/10058
175/20	Busetjing av flyktningar 2021	20/332
176/20	Revidering av "Prioritert handlingsprogram" i kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2024 - ny handsaming	19/13306
177/20	Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF	20/3128
178/20	Forslag til møteplan 1. halvår 2021	20/4048
179/20	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS - Søknad om Covid-19 støtte	20/4133
180/20	Budsjettendringssak nr 2 - hausten 2020	19/10230
181/20	Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024	20/3310

Fosnavåg, 03.12.2020


Bjørn-Halvor Prytz



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
169/20	Kommunestyret	10.12.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste




## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
170/20	Kommunestyret	10.12.2020

Godkjenning av protokoll






## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
171/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Orienteringar




## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
172/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Referatsaker

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
35/20	Signert leiaravtale



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
215/20	Formannskapet	01.12.2020
173/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Detaljregulering Flusund Brygge - slutthandsaming

#### Samandrag:

Planområdet ligg på *Flusund* i Herøy kommune. Området ligg langs sjø lengst nord i *Straumane*, eit flott og populært område i kommunen for både småbåteigarar og friluftsliv. Planområdet grensar til vegen til gamle *Straumsbrua* i sør.

Tiltakshavar *Flusund invest DA* v/Hans S. Remøy sende planforslaget gjennom Ose AS til Herøy kommune 11.07.2017. Planforslaget er fremja som ein detaljreguleringsplan jf. plan- og bygningslova § 12-3. Området er ikkje tidlegare regulert men er omfatta i kommuneplanens arealdel der det er avsett til naustføremål på land.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Herøy kommunestyre detaljreguleringsplan for 27/2 Flusund med tilhøyrande føresegner.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.



**Vedlegg:**

201511 - 1 Plankart Flusund brygge 29.10.2020

201511 - 2 Føresegner 27\_2 Flusund 23.11.2020

201511 - 3 Planomtale 27\_2 Flusund 23.11.2020

201511 - 4 ROS 03.07.2017

Samla innspel etter planforslag

Vurdering av innkomne innspel etter offentleg ettersyn - motatt 07.12.2018

Prinsipputforming av rorbu

18-035298REN-tinglyst-rettsbok

**Saksopplysningar:**

Planområdet ligg på *Flusund* i Herøy kommune. Området ligg langs sjø lengst nord i *Straumane*, eit flott og populært område i kommunen for både småbåteigarar og friluftsliv. Planområdet grensar til vegen til gamle *Straumsbrua* i sør.

Det vart gjennomført oppstartsmøte 11.09.2015 og formannskapet ga løyve til oppstart av planarbeid 03.11.2015. Det vart varsla oppstart til grunneigarar og naboar 11.01.2016 med kunngjering i avis 15.01.2016. Frist for merknadar var 26.02.2016. Planområdet vart så utvida i krysset mellom Flusundvegen og Straumen varsla dette 13.06.2017 med frist for merknadar/innspel 30.06.2017.

Tiltakshavar *Flusund invest DA* v/Hans S. Remøy sende planforslaget gjennom Ose AS til Herøy kommune 11.07.2017. Planforslaget er fremja som ein detaljreguleringsplan jf. plan- og bygningslova § 12-3. Området er ikkje tidlegare regulert men er omfatta i kommuneplanens arealdel der det er avsett til naustføremål på land.

Formannskapet vedtok i møte 17.10.2017, F-sak 157/17, å legge framlegg til detaljreguleringsplan for Flusund brygge, gnr. 27, bnr. 2 m. fl. ut til offentleg ettersyn med høyringsperiode frå 24.10.2017 - 08.12.2017.

**Planforslaget:**Småbåtanlegg i sjø og vassdrag:

Det er planlagt småbåtanlegg i sjø, med flytebyggjer og landgang for småbåtar. Desse er tiltenkt rorbue og evt. til utleige. Desse kjem ikkje i konflikt med båttrafikken som går gjennom Straumen.

Leikeplass:

Det er sett av eit areal for leikeplass på totalt 182 m<sup>2</sup>. Leikeplassen ligg skjerna frå trafikk, og i tilknytning til friområdet «o—GF». Leikeplassen får tilkomst frå «N/R». Leikeplassen skal gjerdast inne og ikkje vere brattare enn 1:3, i tillegg skal leikeplassen setjast i slik stand at den er egna for lek og opphald og innehalde huske og sandkasse.

Naust/Rorbu:

Naust kan førast opp i ein etasje, utan loft Det er planlagt 5 naust i rekkje, med størrelse 5x11 meter kvar. Desse vil verte plassert «inn på land» og vil ikkje stå i strandlina. Nausta er tiltenkt som lagerplass for båtar og tilhøyrande utstyr. Tanken er å bygge desse lavast mogleg, og med flatt tak/pulttak, for å gi best mogleg utsikt for rorbue og omkringliggjande hus. Naust skal ha maksimal gesimshøgde på 4,0 m og maksimal mønehøgde på 6,0 m.

Rorbuer kan førast opp i to etasjar der 1. etg. skal nyttast til naust med tilhøyrande funksjonar, og 2. etg. skal nyttast til fritidsformål. Kvar rorbu skal ha ein

parkeringsplass, men det kan ikkje byggjast garasje i tilknytning til rorbueene. Mønehøgde på rorbueene kan ikkje overstige 7,5 m.

#### Rorbu/Næring i tilknytning havbruk:

Rorbuer kan først opp i to etasjar der 1. etg. skal nyttast til naust med tilhøyrande funksjonar, og 2. etg. skal nyttast til fritidsformål. Eksisterande sjøbud «Tranbrenneri» skal stå inntil vidare, og skal nyttast til næring i tilknytning til havbruk. I nordenden av planområdet kan det lagast båtopptrekk.

#### Kai:

Det er i dag opparbeida ca 70 meter med kai mot Straumen. Eksisterande kaier privat, og er målt til kote +1.6 (NN1954). Denne er tenkt utvida ca 40 meter syd/sydaust i same høgde. Resterande sjøfront skal murast med naturstein for å lage ein samanhengande og fin sjøfront mot Straumen.

#### Friområde:

Isydenden av planområdet er det avsett eit friområde som skal nyttast av ålmenta. Dette ligg på kommunal grunn, og vert i dag nytta som samlingsstad. Det kan ikkje settast opp bygningar, eller gjerast tiltak i strandsona. For å få ein lik sjøfront mot Straumen må natursteinsmur vidareførast også over o\_GF til G/Bnr 27/1. Dette for å få ein heilheitleg sjøfront, samt sikre utfyllinga på G/Bnr 27/2.

#### **Merknader ved offentleg ettersyn:**

Merknadane som er kome inn ligg vedlagt saka og vurdering er gjort av konsulent.

Administrasjonen i Herøy kommune har ingenting å bemerke dei vurderingane som er gjort (av dei innspela som er behandla) og registrerer at jordskiftesaka som er varsla i epost frå Styreleiar i sameiget Flusund 27/3 er avslutta og det vart ingen endringar i grense som medfører at planen må endrast.

#### Merknad frå Glenn Berge 05.12.2017

I merkningen frå Glenn Berge er det ønskeleg at kommunen opprettheld avstandskrav til kommunale vegar(vegnorm) og er ikkje nøgd med detaljgrada på planomtale for bygningane. Berge ynskjer også at høgda på rorbueene vert avgrensa til 6,5m mønehøgde med tilstrekkeleg rom mellom bygga som sikrar ferdsel.

#### Vurdering:

Avstandskrava til kommunen er generelle krav og kan unntakast gjennom endring i reguleringsplan eller dispensasjon. Det er i planen lagt inn byggegrensing på 4 meter mot kommunal veg i område der det er stor høgdeforskjell på nivået det skal byggast og 8 m i område der utbyggingsnivå og vegnivå er tilnærma likt. Kommunen finn desse avstandane akseptable i denne saka.

Detaljgrada i planomtale og føresegner er på lik linje med andre planar og kommunen finn ingen grunn til å krevje detaljar ut over det som går fram av plankart, føresegner og planomtale.

Mønehøgde på rorbuer er redusert frå 7,5 m til 7,2 m. Konsulent har lagt ved prinsippsskisse for utforming av rorbueene der dei viser til at med takvinkelen som er bestemt så kan ein redusere mønehøgda til 7,2 m og kommunen finn dette akseptabelt.

Mariann Skorpen 30.10.2017:

Skorpen ber om at det vert funn eitt nytt namn til planen/prosjektet då Flusund Brygge allereie er registrert i Brønnøysund registeret som foreining/lag.

Vurdering:

Namn på plan vert endra til Detaljreguleringsplan for 27/2 Flusund. Dokumenta er endra, men plankart vil bli oppdatert etter endeleg godkjenning.

**Vurdering og konklusjon:**

Innanfor området er det også sett av eit område for leikeplass. Dette meiner kommunedirektøren er eit positivt grep for dei borna som evt. skal vere på rorbuene. Rorbuer er klassifisert som fritidsbustadar og då slår det ikkje inn så strenge krav til opparbeiding av areal for leikeplass som om du skal regulere eit område for bustadar. Det er i kommunen regulert fleire området med fritidsbustadar utan område for leikeplass, men for område sin kvalitet vil nok dette vere eit grep som gjer det meir attraktivt å leige eller kjøpe rorbu i området.

Planforslaget legg opp til relativt store områder for naust/orbu. Desse er godt skildra i planforslaget og det er klare føresegner som skiljer desse to føremåla frå kvarandre. Dersom det skal førast opp naust skal desse vere i ei etasje, utan loft, med maksimal gesimshøgde på 4m og maksimal mønehøgde på 6m. Nausta skal nyttast til lagerplass for båtar og tilhøyrande utstyr. Det går såleis klart fram av føresegna at det ikkje vert opna for varig opphald på naust.

Rorbuer kan førast opp i to etasjer der 1. etasje skal nyttast som naust med tilhøyrande funksjonar og 2. etasje kan nyttast til fritidsføremål. Mønehøgda for rorbuer er sett til 7,5m.

Planforslaget som ligg til handsaming er godt utabreidd og det er teke omsyn til dei krava og føringane som har kome samt gjort greie for planframlegget på ein god måte. Kommunedirektøren saka no er tilstrekkelig opplyst til å kunne eigengodkjenne planforslaget.

Kommunedirektøren rår til at Kommunestyret eigengodkjenner planforslaget slik det no ligg føre.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende negative konsekvensar

Miljøkonsekvensar: Det ska fyllast i sjø og tiltakshavar må søkjer fylkesmannen om løyve etter forureiningslova samt kommunen etter plan- og bygningslova


Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende negative konsekvensar

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende negative konsekvensar

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende negative konsekvensar

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Ole Magne Rotevatn  
Avdelingsleiar utvikling



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
216/20	Formannskapet	01.12.2020
174/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Detaljreguleringsplan for Leite fritidsområde - slutthandsaming

#### Samandrag:

Grunneigarane på Leite har gått saman om utarbeiding av eit planforslag for nytt område for fritidsbustadar på Leite i Herøy kommune. Området ligg på ytre del av Leinane mellom Leine og Voldsund. Arealet er avsett til fritidsføre mål i kommuneplanen sin arealdel og planforslaget er i hovudsak i tråd med plan. Planarbeidet er utført av B. Tarberg AS.

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for nye fritidsbustader, molo, småbåthamn, tilkomstveg, parkering, friområde m.m. innanfor eit nærare avgrensa planområde på ca 13.4 dekar og som omfattar eigedomane gnr. 26 bnr. 10 og 18 m.fleire. Det vert lagt opp til ca. 24 rorbuer i området.

Planforslaget inneberer ei ynskja satsing på nye rorbuer, molo, småbåthamn, promenade, friområde i sjø, bade plass, friområde på land og køyreveg.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Herøy kommunestyre detaljreguleringsplan for Leite fritidsområde med tilhøyrande førese gner.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

**Vedlegg:**

201725\_V1\_Plankart\_05082020

201725\_V2\_Føresegner\_rev 16102020

201725\_V3\_Planomtale\_rev 04082020

1 - Fylkesmanneni Møre og Romsdal

2 - Helge Voldsund

3 - Møre og Romsdal fylkeskommune

4 - Statens vegvesen

5 - Vurdering av innspel ved oppstart Leite Fritidsområde

Oversending av revidert planforslag for Leite fritidsområde

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Leite friluftsområde gbnr 26/10 og 18 m.fl- fråsegn etter arkeologisk registrering

**Saksopplysningar:**

I F-sak 56/18 den 13.03.2018 vart det gitt oppstartsløyve for utarbeiding av privat reguleringsplan for Leite fritidsområde på Leinane.

Formannskapet gjorde vedtak 13.11.2018, F-sak 202/18, om å legge saka ut til offentleg ettersyn. Planforslaget låg ute i perioden 08.02.2019 – 29.03.2019.

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for nye fritidsbustader, molo, småbåthamn, tilkomstveg, parkering, friområde m.m. innanfor eit nærare avgrensa planområde på ca 13.4 dekar og som omfattar eigedomane gnr. 26 bnr. 10 og 18 m.fleire. Det vert lagt opp til ca. 24 rorbuer i området.

Planforslaget inneberer ei ynskja satsing på nye rorbuer, molo, småbåthamn, promenade, friområde i sjø, badeplass, friområde på land og køyreveg.

Planframlegget omfattar to område for konsentrert fritidsbustadar på totalt 2 daa og to område for frittliggande fritidsbustadar på til saman 1,6 daa. Planen legg vidare til rette for småbåthamn, molo, båtopptrekk, badeplass og friområde på land og i sjø.


Planforslaget legg til rette for totalt 24 nye rorbuer fordelt på 4 byggjeområde, med tilhøyrande uteområde og parkering. Området er tenkt utfyllt og opparbeidd med ny tilkomstveg inn i området frå fylkesvegen.

I beltet mellom byggeområde og sjø er det tenkt ei «grøn sone» med bevaring av strandsone for ålment ferdsel. Denne må plasserast på eit anna nivå enn fritidsbustadane for å sikre at sona ikkje vert «privatisert» eller gi området ei kjensle av at det er i privat eige.

Det er regulert to friområder i nord og sør for å sikre interessene til friluftslivet, ålmenta og sikre rekreasjon og badeområde i nord. Det er planlagt eigne badeplassar i sjøen i tilknytning til friområda på land. Her skal det vere mogleg med tilkomst frå vegsystemet.



Utsnitt fra plankartet datert 05.08.2020



*Utsnitt med plankart og godkjend reguleringsplan for Leine-Voldsund.*

## **Planforslaget**

### Fritidsbustadar konsentrert (BFR 1 og 2):

I området BFR1-2 er planlagt å bygge konsentrert fritidsbustadar i rekke. Grunnflate pr. bygg skal ikkje overstige 60 m<sup>2</sup> BYA. Det vert tillate å bygge fritidshus i rekkje på inntil 4 einingar pr. rekkje, med fritidsbustadar i 1.etg og 2.etg pr bygning. Bygningane skal plasserast innanfor byggjegrensene som vist på plankartet. Det skal vere luft mellom rekkene. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 6,5 m frå ferdig planert terreng. Takform, takvinkel, endeleg utforming av bygg, dimensjon og materialval skal fastsetjast ved byggesak. Nye bygningar kan ha altan i 2.etg orientert mot sjø. Bygningar i rekke skal ha mest mogleg lik utsjånad.

### Fritidsbustader – frittliggjande (BFR 3 og 4):

I området BFR 3-4 kan det førast opp fritidsbustader i rekkje med inntil 2 einingar pr rekkje. Bygningane skal plasserast innanfor formålsområdet og byggjegrensene som vist på plankartet. Det skal vere luft mellom rekkjene. Grunnflate pr bygning skal ikkje overstige 60 m<sup>2</sup> BYA, der det vert tillate med fritidsbruk i 1. og 2. etasje. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 6,5 m frå ferdig planert terreng. Nye bygningar kan ha altan i 2.etg orientert mot sjø.

### Småbåthamn (VHS):

I området kan det etablerast felles privat småbåthamn med tilhøyrande funksjonar (del av molo, båtopptrekk, landgong og flytebyggjer med tilhøyrande forankring). I tillegg kjem tilhøyrande båtferdsel i sjø. Plan som viser flytebyggjeanlegg i sjø skal godkjennast av rett hamnemynde.

Innanfor f\_VHS er det rett til ålmenn småbåtferdsle. Alle tiltak i sjø innanfor f\_VHS så som

utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. må omsøkast og gjevast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningslova.

Friluftsområde i sjø (VFR):

Området er friområde i sjø som er ope for ålment ferdsel.

Badeområde (VB):

Området er badeplass som er ope for ålment ferdsel.

Krav om rekkjefølgje:

Før det kan leggest ut flytebrygger i sjø skal moloane vere opparbeidd

Før det kan gjevast bruksløyve til nye fritidsbustader skal vegar, molo inklusiv brystningsvern og teknisk infrastruktur vere ferdigstilt.

Bygningar og småbåthamna innafor planområdet ikkje kan takast i bruk til regulert arealføremål før avkøyrsla og tilkomstvegen frå fylkesvegen er opparbeidd i samsvar med utformings- og siktkrav nedfelt i vegnormalen N100.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren meiner planforslaget no er godt gjennomarbeidd der ein utvikla eit prosjekt på Leinane som kan vere positivt for å auke tilbodet om fritidsbustadar ved sjøen i kommunen.

Det er noko feil betegnelsar i plankartet. BFR burde vore delt i BFK for konsentrert og BFF for frittliggjande. Dette er likevel ikkje ein mangel med avgjerande betydning så kommunedirektøren vel å la saka gå til slutthandsaming og gjer evt. tekniske korrekturar i etterkant om det skulle vere behov for det.

Det er i planomtalen og føresegna litt variasjon mellom når det vert nytta «fritidsbustad – rorbu» og berre «fritidsbustad». I føresegna er det konsekvent bruk av «fritidsbustad» og dette er korrekt etter kommunedirektøren si vurdering. Rorbu har ein heilt klar definisjon i kommuneplanen sin arealdel der 1. etg. er tradisjonelt naust og 2. vert opna for varig opphold og overnatting. I denne saka er det ynskje om å bruke 1.etg. også til varig opphold og då vert det korrekt å nytte kun «fritidsbustad» om bygga.

Kommunedirektøren meiner dette er ei massiv utnytting som kan gå på bekostning av kvaliteten i området. Det er teke lite vare på dei naturgjevne kvalitetane og tilpassing til terreng. Planforslaget er utarbeida av godkjend plankonsulent og «graden av nedbygging» i dagens planforslag er ikkje ulikt det som Formannskapet godkjende og la ut til offentleg ettersyn. Kommunedirektøren legg då til grunn at det er denne utviklinga formannskapet ynskjer.

Det er lagt inn to friområder i nord og sør mot sjøen som sikrar ålmenta/eigarar/brukarar av fritidsområdet tilgang til sjø og badeområder. Dette er positive grep som gjer at born som er trygge i sjøen og godt symjedyktige kan bade med vener. Born som ikkje er like trygge eller symjedyktige har, slik planframlegget framstår, ingen områder som dei kan leike på utan oppsyn av vaksne. Sjølv om det ikkje er krav om td. leikeplass i område for fritidsbustadar bør ein tenkje på




brukarane og kva kvalitet dei søker når planforslag vert utarbeida.

Etter ei samla vurdering vil Kommunedirektøren rå til at Kommunestyret eigengodkjenner planforslaget slik det no ligg føre.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende negative konsekvensar  
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende negative konsekvensar  
Miljøkonsekvensar: Ingen kjende negative konsekvensar  
Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende negative konsekvensar  
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende negative konsekvensar  
Konsekvensar for barn og unge: Det er usikkert kor attraktivt området blir for familiar med born utan eit areal for tilrettelagt leik.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Ole Magne Rotevatn  
Avdelingsleiar for utvikling



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
214/20	Formannskapet	01.12.2020
175/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Busetjing av flyktingar 2021

#### Samandrag:

Herøy kommune har motteke brev frå IMDi datert 27.10.2020, der kommunen blir oppmoda om å busetje 10 flyktingar i 2021. Etter ei vurdering hos alle fagavdelingar som yter tenester til flyktingane, meiner ein å ha kapasitet til dette.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Herøy kommune svarar positivt på IMDI si oppmoding om å busetje 10 flyktingar i 2021.

Om det skulle bli behov for det, kan kommunen ta i mot ytterlegare 5 flyktingar i 2021.

Det vert teke atterhald om at kommunen klarer å skaffe eigna bustader.

## Vedlegg:

### Oppmoding busetjing flyktningar 2021

#### Saksopplysningar:

For 2020 vedtok Herøy kommune å busetje 10 flyktningar. Allereie den 21.02.20 kom den første familien frå Syria; mor, far og tre barn. I juli vart barn nr. fire fødd. Familien bur på Myklebust. Vi har såleis teke imot 6 flyktningar så langt i år. Når ein baby blir fødd innan seks månader etter busetjing, blir han rekna med i talet på nye flyktningar. Vi skulle busetje ein familie frå Kongo i juni, men pga.

koronasituasjonen vart den saka trekt. Så fekk vi oppmoding om å busetje ein familie på fire frå Syria. Dei kjem til Herøy den 7.12. Når desse kjem, har vi busett alle 10 som vi har vedtak på i år. Mange kommunar har fått langt færre flyktningar enn det dei har vedtak på.

IMDi skriv at dei vil, i samråd med fylkeskommunen og KS, oppmode Herøy kommune om å busetje 10 flyktningar i 2021 også. Herøy er ein av 211 kommunar som får oppmoding om busetjing neste år. Det viktigaste kriteriet dei går ut i frå, er resultatet på introduksjonsprogrammet over tid og muligheita for å få jobb eller ta utdanning i kommunen/regionen.

Dei opplyser også om at vi ikkje skal busetje einslege mindreårige.

Familiesameinte er heller ikkje med i talet.

Nytt for i år er at IMDi i tillegg vil ha svar på om kommunen har kapasitet til å ta imot fleire enn 10 dersom det skulle bli behov for det. I tilfelle må vi opplyse om kor mange.

#### Integreringstilskot

Det vert utbetalt integreringstilskot i 5 år etter at ein flyktning er busett. Beløpet er høgast 1. og 2. året. For å få forventa integreringstilskot i 2021, er det ein føresetnad at kommunen klarer å busetje det vi fattar vedtak på.

Satsar på integreringstilskot, eldretilskot og barnehagetilskot i 2020: (Tal for 2021 er ikkje klare)

<u>Tilskotsår</u>	<u>Busetjingsår</u>	<u>Kategori</u>	<u>Sats</u>
Integreringstilskot år 1	2021	Einslege vaksne	Kr 241.000.-
Integreringstilskot år 1	2021	Vaksne	Kr 194 300.-
Integreringstilskot år 1 000.-	2021	Einslege mindreårige	Kr 187
Integreringstilskot år 1	2021	Barn	Kr 194 300.-
Integreringstilskot år 2 000.-	2020	Alle flyktningar	Kr 246
Integreringstilskot år 3 000.-	2019	Alle flyktningar	Kr 174
Integreringstilskot år 4 000.-	2018	Alle flyktningar	Kr 86
Integreringstilskot år 5 000.-	2017	Alle flyktningar	Kr 72
Barnehagetilskot	2021	Barn 0-5 år	Kr 26 600.-
Eldretilskot 800.-	2021	Vaksne over 60 år	Kr 173

Tilskot for busetjing av personar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar

Busetjingsår      Tilskot 1      Tilskot 2

2020 Kr 190 500.- Inntil kr 1 361 000.-

2021 Kr 190 500.- Inntil kr 1 361 000.-

Tilskot 1 er eit eingongstilskot og kan tildelast i anten første eller andre busetjingsår. Det krevst uttale frå lege om ekstra oppfølging for minimum kr 100 000.

Tilskot 2 kan tildelast årleg i integreringstilskotsperioden, dvs. i maksimalt 5 år. For å få dette tilskotet må ein ha uttale frå spesialist og kunne dokumentere ekstra utgifter på min. kr 200 000.-.

#### Norsktilskot:

Kommunen får også eit norsktilskot for vaksne flyktingar. Desse persontilskota blir utbetalte i 3 år.

År 1: kr 33 500.-

År 2: kr 66 600.-

År 3: kr 46 500.-

#### **UTTALAR:**

Eigedomsavdelinga:

Eigedomsavdelinga opplyser at dei har husvære til mottak av 10 flyktingar.

Sektor Oppvekst Barnehage:

Kommunen mottar eit eige barnehagetilskot på kr 26 600.- pr. barn i 2021. Dette er eit eingongstilskot for år 1. Dette tilskotet går direkte til barnehagen og er variabelt etter kor mange barn som treng barnehageplass. Om barnehagen treng meir ressursar til oppfølging, også utover det første året, skal ekstrautgiftene til det dekkast av det ordinære tilskotet som kommunen mottar, så langt det let seg gjere. Sektor Oppvekst Barnehage har ingen motførestillingar til å ta imot 10 nye flyktingar.

Sektor Oppvekst Grunnskule:

Grunnskulen er positive til eit mottak på 10 flyktingar.

Avdeling Barn, familie, helse:

Avdelinga støttar mottak av 10 flyktingar i 2021.

NAV:

Nav er positive til eit mottak på 10 flyktingar i 2021.

Kvalifiseringssenteret

Internasjonal skule og Flyktingtenesta har kapasitet til å handtere 10 nye flyktingar i 2021. Dei stiller seg positive til å ta imot inntil 15 fly «Skriv her»


#### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren konkluderer med at Herøy kommune kan imøtekomme oppmodinga frå IMDi om

om å busetje 10 flyktingar i 2021. Vi kan ha kapasitet til å ta imot inntil 15 flyktingar dersom det skulle bli behov for å busetje fleire enn 10 flyktingar i 2021. Vi tek atterhald om at kommunen klarer å skaffe eigna bustader.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Sølvi Lillebø Remøy  
Kommunalsjef Oppvekst



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
74/20	Utval for næring, kultur og idrett	03.12.2020
176/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Revidering av "Prioritert handlingsprogram" i kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2024 - ny handsaming

#### Samandrag:

Saka gjeld framlegg til revidert handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Når saka var lagt fram for politisk handsaminga, så hadde det ikkje kome inn forslag på andre tiltak enn det var i gjeldande handlingsplan. Men under politisk handsaminga i utval for næring, kultur og idrett, så var det forslag om å ta ut «Nyskapande aktivitetsarenaer» frå handlingsprogrammet. Under handsaminga i kommunestyret kom det inn forslag om å ta inn «Tursti Kvalsvikeidet – Muletua» samt at Gurskøy IL i ettertid også har bedt om at prosjektet «Tursti på Leikongsætra» blir teke med i handlingsprogrammet. Desse tre tilleggspunkta blir lagt fram som tillegg til handlingsplanen.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Herøy kommune vedtek i medhald av pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av handlingsprogrammet for kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2024 slik det ligg føre i framlegget.

Det blir vedteke følgjande tillegg til handlingsprogrammet:

1. Prosjektet «Nyskapande aktivitetsarenaer» går ut av handlingsplanen
2. Prosjektet «Tursti på Leikongsætra» går inn på handlingsplanen, etter prosjektet «Tursti rundt Myklebustvatnet»
3. Prosjektet «Tursti Kvalsvikeidet – Muletua» går inn på handlingsplanen, etter prosjektet «Ny sløyfe rundt Grøneåsen/Leikong».

**Vedlegg:**

Liste søknad om spelemidler 2021 2024

**Saksopplysninger:**

Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv har si hovudrullering kvart 4. år – dette i tillegg til den årlege rulleringa av handlingsprogrammet for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Kommunen har vedteke eit planprogram for hovudrulleringa nå i 2020, og vil difor bruke 2021 til å arbeide med dette viktige arbeidet neste år.

Vedteken kommunedelplan og årleg rullering av handlingsprogrammet er ein føresetnad for at idrettsanlegg kan søkje om spelemidler. Sist godkjende plan er «Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014».

Søknad om spelemidler skal vere kommunen i hende seinast 1. oktober kvart år, men fristen var i år utvida til 10. november 2020. Til orientering så er ordninga med idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning avvikla for anlegg som ikkje er oppstarta før 15. juni 2019 – følgjande anlegg er det planlagt om å søkje om spelemidler på nytt for i 2021:

- Nyskapande aktivitetsarenaer
- Tursti rundt Myklebustvatnet

Dei andre søknad om spelemidler i det vedlagte handlingsprogrammet skal berre fornyast, og her har alle aktuelle søkjarar fått påminning av kulturkontoret om å fornye sin søknad på søkjarportalen, som er anleggsregisteret.no, innan 1. desember 2020.

Ved behandling av denne saka i utval for næring, kultur og idrett den 25. november 2020 vart det vedteke å ta ut «Nyskapande aktivitetsarenaer», som låg inne som punkt seks i handlingsprogrammet. Under handsaming av saka i kommunestyret den 26. november 2020, var det forslag frå Eilert-Geir Kvalsvik (Folk) om å ta inn:

- Tursti Kvalsvikeidet – Muletua (steinlegging av utsatte parti)

Når det gjeld søknad om spelemidler, så føresett det at prosjekta har ein søkjar som kan er ansvarleg for finansiering og gjennomføring av prosjektet, og dette må på plass før søknaden blir sendt inn til fylket, men prosjektet kan likevel liggje inne i handlingsprogrammet.

Under handsaming i kommunestyret den 26. november 2020 vart det fremja utsettingsforslag av Bjarne Kvalsvik (Folk). Kommunestyret vedtok å utsette saka og sende den tilbake for ny behandling.

Kommunen har i etterkant av søknadsfristen motteke innspel frå Gurskøy IL om ønskje om å ta inn følgjande prosjekt i handlingsprogrammet, med kostnadsramme på kr 2,6 million og der det blir søkt om spelemidler med kr 1 million:

- Tursti på Leikongsætra

Det blir orientert om at kommunen har informasjon om spelemiddelsøknader på sine heimesider, og det blir kvart år i tillegg opplyst om fristen for å sende inn slike søknadar. Denne fristen vart i år utvida til den 10. november 2020, utan at kommunen mottok søknadar innanfor fristen.

Sidan kommunen ikkje hadde motteke nye søknadar til handlingsprogrammet, så var det ikkje behov for anna enn å leggje fram handlingsprogrammet til rullering. Kommunedirektøren vurderer det likevel slik at sidan det ikkje er nye prosjekt som konkurrerer om prioritering, så kan dei to turstiprosjekta, som kom inn etter fristen, leggjast inn i handlingsprogrammet.

Det vil her vere naturleg at «Tursti på Leikongsætra», som har ansvarleg søkjar og finansiering, blir prioritert etter dei andre prosjektet med finansiering – det vil seie etter prosjektet «Tursti rundt Myklebustvatnet». Vidare at prosjektet «Tursti Kvalsvikeidet – Muletua», som ikkje har oppgitt ansvarleg søkjar eller finansiering, blir prioritert etter prosjektet «Ny sløyfe rundt Grønåsen/Leikong».

### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren foreslår, i medhald av §11-4 i plan og bygningslova, at handlingsprogrammet i kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2024 vert vedteke slik det ligg føre – med eventuelle tillegg som blir vedteke i kommunestyret.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Tiltak er positive for folkehelsa

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Auka driftsutgifter knytt til tilskot og forskotering


Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Positivt for helse og samhald:

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Saksbehandlarnamn  
Saksbehandlartittel





## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for helse og omsorg	
	Formannskapet	
177/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF

#### Samandrag:

Med bakgrunn i gjeldande samhandlingsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF, har partane forplikta seg til å revidere avtalen slik at den til ei kvar tid er i samsvar med gjeldande rettspraksis, lover og forskrifter. Partane plikter å foreta ein gjennomgang og evaluering anna kvart år ved utgangen av året. Det har vore forhandling om ny avtale sidan hausten 2018. Forslag til ny revidert samarbeidsavtale har vore på høyring, med høyringsfrist satt til 26.10.2020.

Den samarbeidsavtalen som no ligg føre til politisk handssaming, er den reviderte versjonen etter høyringsrunden. Herøy kommune sine innspel i høyringa, vart teken til etterretning.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret gir honnør til forhandlingsutvalet for det gode arbeidet og takke alle som har bidrege med innspel i høyringane for revisjon av samarbeidsavtalen.
2. Kommunestyret vedtek revidert samarbeidsavtale mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal HF. Kommunedirektøren får mynde til å signere avtalen på vegne av kommunen.

**Vedlegg:**

Sak 23- Vedlegg 1 - revidert samarbeidsavtale  
 Sak 23- Vedlegg 2 - Oppsummering etter høyring  
 2020-11-25 - Protokoll Overordna samhandlingsutval

**Saksopplysningar:**

Kommunar og helseføretak er etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester av 14.juni 2011 §6-1 m.fl. pålagt å inngå samarbeidsavtale. Formålet er å konkretisere oppgave- og ansvarsfordelinga seg i mellom og bidra til at pasientar og brukarar mottar eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstjenester. For å sikre at avtalen til ein kvar tid er i samsvar med gjeldande rettspraksis, lover og forskrifter, har partane forplikta seg til å foreta ein gjennomgang og evaluering anna kvart år ved utgangen av året .

Som bakgrunn for gjennomført revisjon, viser ein til evalueringa av samhandlingsavtalen sak [06/2017](#), [17/2017](#) og [37/2017](#). Forhandlingsutvalet vart etablert etter vedtak i Overordna samhandlingsutval, [sak 2018/15](#) og har med nokre justeringar vore samansett slik;

Regionråd/ område	Medlem	Stilling	Vara	Stilling
Orkidè (endra i 2020 til Nordmøre interkommunale politiske råd).	Ketil Leirbekk	Ass. Rådmann Averøy kommune	Gunhild Eidsli	Rådmann Surnadal kommune
Romsdal Regionråd	Cato Innerdal	Kommuneoverlege Molde kommune	Jan Morten Dale	Kommunalsjef Fræna kommune
Sunnmøre Regionråd	Inger Lise Kaldhol	Kommuneoverlege Volda kommune	Norunn Kirkebø Elde	Kommuneoverlege Ulstein kommune
Sunnmøre Regionråd	Guri Hasund Reiten	Kommuneadvokat Ålesund kommune	Ola Aarø	Kommuneadvokat Ålesund kommune
KS	Svein-Rune Johannesen	Ålesund kommune, AP	Sidsel Rykhus	Varaordfører Molde kommune
Brukar-representant	Ingrid Løset	Leiar Brukarutvalet i HMR (fram t.o.m.2019, heldt fram som medlem i forhandlingsutvalet).	Inger Nossen Sandvik	FFO/Norsk Revmatikerforbund
Brukar-representant	Ann Helene Skare	Nestleiar Brukarutvalet i HMR		
Helse Møre og Romsdal HF	Jorun Bøyum	Klinikk sjef Klinikk for kreft og rehabilitering		
Helse Møre og Romsdal HF	Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentar		
Helse Møre og Romsdal HF	Lena Bjørge Waage	Samhandlingssjef	Torstein Hole	Konstituert fagdirektør
Helse Møre og Romsdal HR	Jan Rino Austdal	Advokat/personvernombud	Charlotte Vold	Advokat HMN RHF

			Winther	
Tillitsvald kommune	Mariann G. Svendsen	TV Kommune	Hild Våge	TV Kommune
Tillitsvald HF	Igor Jokic	FTV HMR OVLV	Anette Lekve	FVT HMR NSF

Forhandlingsutvalet har gjennomført revisjonen etter følgende mandat:

- Eksisterende Samhandlingsavtale (hovedavtale og delavtaler) med gjensidige forpliktelser og rettigheter mellom partene skal danne grunnlaget for revidert avtale.
- Målet med revisjon av Samhandlingsavtalen er å få til et avtaleverk som i enda større grad fremmer utvikling og god samhandling.
- Ved revisjonen må det tas utgangspunkt i at hovedavtale og delavtaler/retningslinjer skal oppfylle de lovkrav som fremgår av helse- og omsorgstjenesteloven § 6-2 flg. if. spesialisthelsetjenesteloven § 2-1 e.  
I den grad gjeldende delavtaler er en blanding av retningslinjer som omfattes av lovkravet, og operasjonelle prosedyrer, så bør det legges til rette for at prosedyrer tas ut av avtalene og forvaltes av etablerte fagråd på de enkelte fagområdene.
- Avtalen skal justeres i henhold til nye lovbestemmelser og forskrifter.
- I den grad det er praktisk og hensiktsmessig bør revisjonsarbeidet lede til harmonisering av de ulike avtalene i helseregionen.
- Det må sikres god involvering og legges opp til gode høringsprosesser.
- Det må settes av nok ressurser til revisjonsarbeidet, både fra kommunene og fra helseforetaket.

I tillegg til vedtekte mandat, har inngått [avtale mellom regjeringa og KS om innføring av helsefelleskap](#), gitt føringer for arbeidet med revisjonen. Regjeringa og KS ønsker at kommunar og helseforetak skal utvikle samarbeidet mot partnerskapstenking, framfor partar. Avtalen om helsefelleskap gir viktige prinsipp for utviklingsretning, som forhandlingsutvalet har innretta seg etter i revisjonsarbeidet.

Forhandlingsutvalet har hatt jamlege møter frå hausten 2018. Møta har sidan vinteren 2020 blitt gjennomført digitalt med bakgrunn i covid.19 og restriksjonar om smittevern. Forhandlingsutvalet gjennomførte eit avsluttande fysisk møte for oppsummering etter høyring og ferdigstilling av revidert avtale. Referat frå møta kan lesast [her](#).

I utkast til revidert samarbeidsavtale har forhandlingsutvalet utarbeida revidert hovudavtale og delavtale 1. Delavtale 2-6 har blitt delegert til etablerte fagråd, kliniske samhandlingsutval og arbeidsgrupper der det var behov for å opprette dette. Desse har vore representert både frå kommunane, helseforetaket og brukarar. Utkast til delavtale 2-6 har før ferdigstilling, også blitt gjennomarbeida av forhandlingsutvalet.

I løpet av revisjonen har det vore gjennomført to høyringar, ei innspelshøyring som vart gjennomført desember 2019 – februar 2020, og ei formell høyring som vart gjennomført august – oktober 2020. Til innspelshøyringa vart det motteke 20 høyringsinnspel som kan lesast [her](#), og 26 høyringsinnspel vart motteke til den formelle høyringa som kan lesast [her](#).

## Revidert samarbeidsavtale

Samarbeidsavtalen er revidert med følgjande hovudjusteringar:

### Avtalestruktur

I mandat for forhandlingsarbeidet er det vist til at i den grad det er praktisk og hensiktsmessig, bør revisjonsarbeidet lede til harmonisering av dei ulike avtalane i helseregionen. Avtalestrukturen i utkast til hovudavtale og reviderte delavtalar er eit resultat av ei slik harmonisering, der delavtalane er redusert frå 15 til 6 delavtalar. For å forenkle ytterlegare har forhandlingsutvalet også sett på språk og fjerna oppattaking og overflødig tekst. Det er lagt inn lenker til lovtekst, forskrifter, rutinar og andre relevante dokument.

I utkast til delavtale 1 «Samarbeid om koordinering av tjenester, samt innleggelse og utskrivning fra sykehus», vil ein sjå ei betydeleg forenkla delavtale der fem delavtalar er slått saman til ein delavtale. Revidert delavtale omhandlar både pasientar innan psykisk helse og rus og somatikk. Sjølv om der er språkmessige endringar, har forhandlingsutvalet innarbeida tidlegare avtalefesta vilkår knytt til betalingsplikt utover det som er forskriftsfesta, som tek i vare konklusjonar frå tidlegare tvistesaker. Betalingsplikta knytt til krav om at det er sendt epikrise på utskrivningstidspunktet, omfattar etter revisjonen alle pasientgrupper. Dette har vore eit viktig krav frå kommunane i forhandlingane.

### Samarbeidsstruktur – «Helsefelleskap Møre og Romsdal»

Avtale om helsefelleskap gir eit viktig signal om ønska utviklingsretning for samarbeidsstrukturen. Forhandlingsutvalet har valt å innrette revidert samarbeidsstruktur i tråd med prinsipp om tredelt struktur, men med lokale tilpassingar. Formål er å sikre representasjon i dei ulike samarbeidsutvala og at dei ulike utvala har dei rette oppgåvene/sakene og at dette kjem tydeleg fram i avtalen. Brukarrepresentantar og fastlegar skal vere involvert på alle nivå.

For å sikre openheit, legitimitet og forankring i avgjerdsprosessar, har ein også valt å etablere eit felles samarbeidssekretariat som er representert både av kommunane og helseføretaket.

Felles samarbeidssekretariat vil ha ei særleg oppgåve opp mot partnerskapsmøtet og strategisk samarbeidsutval, men vil også ha ein koordinerande funksjon knytt til saksflyt mellom dei ulike samarbeidsutvala i strukturen.

Partnerskapsmøte	
Strategisk samarbeidsutval	
Lokale samarbeidsutval	Faglige samarbeidsutval

Figur 1 Helsefelleskap Møre og Romsdal

### Partnerskapsmøte – nivå 1 i helsefelleskapet

I avtale om helsefelleskap er det m.a. vist til behov for samordning der kommunar bør kunne stille på vegne av ei gruppe kommunar og at helseføretak som famnar fleire sjukehus, opptre samordna i helsefelleskapet. Forhandlingsutvalet har difor særleg sett på dialogmøtet, der innspel frå høyring viser til behov for justering, både i representasjon, størrelse, førebuing og innhald. I samsvar med avtale om helsefelleskap foreslår forhandlingsutvalet å etablere partnerskapsmøtet på overordna nivå, der representantane er oppnemnt frå dei interkommunale politiske råda i fylket og frå helseføretaket. I tillegg er det representasjon frå fastlege og brukar. Samansetninga tek utgangspunkt i at både helseføretaket og kommunane kan samordne seg og representere på vegne av sjukehus og kommunar. For å

sikre involvering frå alle kommunane, foreslår forhandlingsutvalet at det i tillegg vert invitert til eit utvida samarbeidsmøte/dialogmøte årleg. Tillitsvalde på fylkesnivå, Statsforvaltaren, Pasient- og brukarombodet, KS og utdanningsinstitusjonane blir invitert til å delta i møtet. For detaljert skildring sjå punkt 5.1 i revidert samarbeidsavtale.

### Strategisk samarbeidsutval – nivå 2 i helsefelleskapet

Gjeldande Overordna samhandlingsutval blir justert og erstatta av eit strategisk samarbeidsutval. Formålet til strategisk samarbeidsutval er å handtere saker om utvikling og samarbeid som gjeld heile fylket. For å sikre gjensidig representasjon vil leiar og nestleiar i dei lokale samarbeidsutvala inngå som del av utvalet, i tillegg til brukar- og fastlegerepresentasjon. For detaljert skildring sjå punkt 5.2 i revidert samarbeidsavtale.

### Lokale samarbeidsutval – nivå 3 i helsefelleskapet

Forhandlingsutvalet har valt å gå vidare med dei fire lokale samhandlingsutvala, til tross for signal i avtale om helsefelleskap om tredelt struktur. Bakgrunnen er behovet for lokale fellesarenaer rundt det enkelte sjukehus og kommunane i opptaksområdet, med mål om å understøtte lokal oppfølging, iverksetting av tiltak og lokalt forbetningsarbeid. For detaljert oversikt sjå punkt 5.3 i revidert samarbeidsavtale.

### Faglege samarbeidsutval – nivå 3 i helsefelleskapet

I gjeldande avtalestruktur har vi partssamansette kliniske utval og fagråd innan fagspesifikke område. Revidert struktur bygger vidare på desse, men det er gjort ein gjennomgang og tilpassing slik at det blir etablert faglege samarbeidsutval knytt til kvar enkelt delavtale. For delavtale 1, skal arbeidet forvaltast av fleire faglege samarbeidsutval. For detaljert oversikt sjå punkt 5.4 i revidert samarbeidsavtale.

- *Faglig samarbeidsutvalg for koordinering av tjenester, samt innleggelse og utskrivning fra sykehus (delavtale 1)*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for barn og unge (habilitering, somatikk og psykisk helsevern)*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for behandlersamarbeid*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for psykisk helse og rus*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for multisyrke, «stormottaker» og palliasjon*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for rehabilitering*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for voksenhabilitering*
- *Faglig samarbeidsutvalg for kunnskapsoverføring, forskning og utdanning, samt praksiskonsulentordningen (delavtale 2)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg (delavtale 3)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for IKT-løsninger og elektronisk samarbeid (delavtale 4)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for samarbeid om helsefremmende og forebyggende helsearbeid (delavtale 5)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for beredskapsplaner (delavtale 6)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for akuttmedisinsk kjede (delavtale 6)*

### Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vil vise til formålet med samarbeidsavtalen som er å tydeleggjere ansvars- og oppgåvefordelinga og understøtte utvikling av meir samanhengande og bærekraftige helse- og omsorgstenester til pasientar og

brukarar som har behov for helsehjelp frå både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Å gå frå partar til partnerskap er essensielt for å understøtte ei slik utvikling og som må ligge til grunn og gjennomsyre samarbeidet på alle nivå i strukturen, overordna, strategisk og fagleg.


Revisjonsarbeidet har hatt stor interesse, både i kommunane, helseføretaket, brukarar og andre interesseorganisasjonar og det har kome mange og gode innspel med mål om utvikling og forbetring av gjeldande avtaleverk og samarbeidsstruktur.

Ein har i revisjonen hatt særleg fokus på å tydeliggjere strukturen, hensiktsmessig representasjon, klare mandat og effektiv kommunikasjonsflyt mellom dei ulike samarbeidsfora. Frå overordna prioritering og forankring må strukturen evne å konkretisere dette i endra praksis som gir verdi for pasientane, brukarane, tilsette og samtidig god ressursbruk. Revisjonen har bidrege til forenkla avtaleverket og ein vidareutvikla samarbeidsstruktur, men som vil ha behov for å prøvast ut, evaluerast og ev. justerast i framtidige reforhandlingsprosessar. Herøy kommune sine innspel i høyringsprosessen vart teken til etterretning i revidert samarbeidsavtale. Kommunedirektøren vil difor rå til at samarbeidsavtalen mellom Herøy kommune og Helse Møre og Romsdal vert vedteke slik den ligg føre. Kommunedirektøren får mynde til å signere avtalen på vegne av kommunen.

Økonomiske konsekvensar: Avtalen har ingen nye økonomiske konsekvensar.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Renathe Rossi-Kaldhol  
Kommunalsjef helse og omsorg



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
218/20	Formannskapet	01.12.2020
178/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Forslag til møteplan 1. halvår 2021

#### Samandrag:

Kommunestyret fastset møtedatoar for formannskapet og kommunestyret 1. halvår 2021.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet og kommunestyret 1. halvår 2021 vert halde desse datoane:

Møtedato / Utval	Kommunestyret	Formannskapet	UTVAL				
Januar		26.01.2020	V3				
	Februar	04.02.2020					
			16.02.2020				
	Mars		25.03.2020	16.03.2020	V10		
		April		29.04.2020	20.04.2020	V15	
	Mai						
				27.05.2020	18.05.2020	V17-18	
	Juni						

						17.06 .2020	08.06 .2020	V 2 2
--	--	--	--	--	--	----------------	----------------	-------------

**Ordinær møtedag og tid:**

Kommunestyret: Torsdag kl. 16.30.

Formannskapet: Tysdag kl. 13.30.

Leiarar for råd og utval fastset datoar og møteplan i samråd med politisk sekretariat. Fortrinnsvis i dei vekene som er føreslegne i tabellen.




**Saksopplysningar:**

I 2020 og tidlegare har det vore hyppigare formannskapsmøte, ca. 2 per kommunestyre. I 2020 utgjor dette 19 møter. Her er det lagt opp til ein reduksjon der hovudregelen vert eitt møte per kommunestyret. Med mulegheit til å opprette fleire møter viss dette er naudsynt.

Det er satt ned ei gruppe som skal sjå på politisk omorganisering gjeldande frå 2. halvår 2021. Grunna dette er det føreslått møteplan for 1. halvår. Møteplan for 2. halvår vert fastset i kommunestyret juni 2021.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Frode Hammerseth  
Avdelingsleiar politisk sekretariat



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
179/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Sunnmørsbadet Fosnavåg AS - Søknad om Covid-19 støtte

#### Samandrag:

Det ideelle aksjeselskapet Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, der Herøy kommune er største aksjonær, har så langt ikkje fått tildelt statlege stimuleringsmidlar eller midlar til dekning av mindreinntekter/meirutgifter i samband med Covid 19 utbrotet. I perioda mars 2020 til og med juni 2020 har inntekter og utgifter gått betydeleg ned sett i høve til 2019. Selskapet har søkt Herøy kommune om å få dekt 70% av sitt tap i denne perioden. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret imøtekjem søknaden og at meirkostnaden vert å dekke ved bruk av kommunen sitt disposisjonsfond.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Søknaden frå Sunnmørsbadet Fosnavåg AS vert imøtekomen med kr 675.000,-.

Det medfører slike endringar i 2020 budsjettet:

Konto 14700 (tilskott til andre), ansvar 1284 (andre overføringar), funksjon 325 opp kr 675.000,-

Konto 19400 (bruk av disp fond), ansvar 1284 og funksjon 325.

**Vedlegg:**

Korona - henvendelse om kompensasjonsordning for bade- og svømmeanlegg

Resultat

Svar på spørsmål om kompensasjonsordning frivillighet og idrett

**Andre relevante dokument:**

Søknad om covid 19 støtte

**Saksopplysningar:**

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS har søkt Herøy kommune om å få dekt inn 70% av differanse mellom tapte inntekter og reduserte kostnader i perioden mars-juni 2020.

I følge vedlagt rekneskapsutskrift utgjør manglende inntekter om lag kr 2.374.000,- og reduserte kostnader utgjør om lag kr 1.411.000,- noko som gjer at tapet vart om lag kr 966.500,-. Omsøkt sum, kr 675.000,- utgjør om lag 70% av dette tapet.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS har søkt både Kulturdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet om støtte/tilskott, men begge er avslått. Kulturdepartementet sitt svar var at om ein var registrert i frivillighetsregisteret så ville ein få tilskott. Selskapet fekk imidlertid ikkje godkjent ei registrering i dette registeret fordi dei ikkje oppfylte krava.

Nærings- og fiskeridepartementet viser dei til ei tilskotsordning som vert gitt til bedrifter som rammes av omfattande lokale smittevernstiltak. Herøy kommune har i heile perioden fylt dei nasjonale smittevernstiltaka og kan såleis ikkje søkje på dette tilskottet. Konklusjonen til departementet er at Sunnmørsbadet Fosnavåg AS er eit ideelt aksjeselskap med Herøy kommune som største aksjonær og at det er kommunen som er rette instans for å dekke eventuelle tap.

Administrasjonen har vore i kontakt med Fylkesmannen i saka. Fylkesmannen seier at hadde firmaet vore registrert som eit KF og dette gjekk med underskott så ville kommunen automatisk hatt plikt til å dekke underskotet, men at regelverket er annleis når det gjeld AS. Fylkesmannen hadde eit par spørsmål til saka. Dette har vi gitt tilbakemelding på.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS har ein grei likviditet. Dette er imidlertid ikkje til hjelp når rekneskapet for 2020 skal gjerast opp. Får selskapet eit underskott tærer det på eigenkapitalen og når den er brukt opp må aksjonærane uansett inn å dekke dette om selskapet skal vere liv laga.

Herøy kommune har fått totalt om lag kr 13.050.000,- i Korona/Covid støtte så langt i 2020. Av dette er om lag kr 6.200.000,- midlar utt til spesielle føremål (flomvern, vedlikehald/sysselsetting og barnehage) og dei resterande midlane er meint å dekke opp meirkostnader vi har hatt ute i avdelingane samt til å dekke mindreinntekter på skatt.

**Vurdering og konklusjon:**

Søkjaren har i lang tid jobba opp mot ulike statlege aktørar for å få dekt delar av sitt tap som følge av at landet vart stengt ned i perioden frå mars til og med juni. No

har både Kulturdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet vendt tommelen ned og sistnemnde har peikt på kommunen som finansieringskjelde.

Sidan Sunnmørsbadet Fosnavåg AS ikkje får dekt sitt tap frå dei statlege ordningane og sidan kommunen er hovudaksjonær er Kommunedirektøren sitt råd til kommunestyret er at søknaden vert innvilga og ein nyttar disposisjonsfondet som finansieringskjelde.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen spesielle

Konsekvensar for folkehelsa: Eit ope bad fremjar trivsel og folkehelse

Miljøkonsekvensar: Ingen spesielle


Økonomiske konsekvensar: Ei meirutgift på kr 675.000,- har sjølvstort stor betydning for Herøy kommune.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen spesielle

Konsekvensar for barn og unge: Sunnmørsbadet Fosnavåg AS er ein viktig aktør både som fritidsaktivitet og også som arbeidgjevar for mange unge.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen  
Økonomileiar



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
217/20	Formannskapet	01.12.2020
180/20	Kommunestyret	10.12.2020

### Budsjettendringssak nr 2 - hausten 2020

#### Samandrag:

Herøy kommune har fått i overkant av 6,0 mill i koronamidlar som ikkje er fordelt. I denne saka rår ein til at 6,0 mill går til å styrke rammene til mange ulike avdelingar slik at samsvaret mellom budsjett og rekneskap blir litt betre.

Samstundes nyttar ein høvet til å regulere vedlerlagsinntektene på sjukheimane og nytte desse midlane til å regulere budsjetterte utgifter knytt til medisinske forbruksvarer, medikament og vaskeritenester.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Ein rår til at budsjettendringane vert vedteke slik dei går fram av saksopplysninga og vedlegga i saka

**Vedlegg:**

Budsjettendringssak 2 i 2020

**Saksopplysningar:**

Kommunen sitt økonomireglement gir føringar for når ein skal gjere budsjettendringsvedtak i politiske fora. For dei største avdelingane er det når dei reelle inntektene vert 5% over dei budsjetterte og for dei minste avdelingane er det ein sett ei avgrensing til at slik endring skal skje når dei reelle inntentene vert meir enn kr 100.000,- over dei budsjetterte.

I framlegget til vedtak har vi bak linjene sett opp eit nr og ei stjerne, slik 1\*. Dett for at kvar einskild endring skal grunngjevast kvar for seg.

Herøy kommune har fått ein del midlar i samband med Koronapandemien. Kommunestyret har allereie vedteke korleis vedlikehaldsmidlane skal fordelast/brukast til.

Denne saka er delt i 3 delar.

Den første gjeld regulering av utgifter i avdelingane knytt til Korona.

Vi har tatt utgangspunkt i det som er utgiftsført med spesifisering 7000 Korona og fordelt ut 6,0 mill kr til mage ulike ansvar. Kommunedirektøren tilråd at avdelingar/ansvar som har hatt meir enn kr 25.000,- i utgifter får kompensert 80% av kostnadane. Unntaket er ansvar 3132 (felles legevakt som får auka sitt budjett med Herøy sin del av kostnadane.

Tidlegare har kommune regulert desse koronamidlane med redusert bruk av disposisjonsfondet. No tilråd ein at ein belastar disposisjonsfondet med kr 6.000.000,- for å dekke opp delar av meirkostnadane ute i organisasjonen.

Den andre saka gjeld regulering av vederlagsinntektene i pleie- og omsorgsavdelinga.

Vederlagsinntektene ser i 2020 ut til å bli om lag kr 2.435.000,- høgare enn budsjettert ved dei 5 sjukeheimsavdelingane i kommunen. Meirinntektene varierer frå omlag kr 250.000,- til nær kr 700.000,-.

Vi ser at kostnadane i pleie- og omsorgsavdelinga blir mykje høgare enn budsjettert og vi vel difor å fordele meirinntektene på 3 ulike budsjettpostar. Det gjeld konto 11100 Medisinske forbruksvarer, konto 11140 Medikament og 12600 Reinhald og vaskerikostnadar.

Den siste delen gjeld grunnskuleavdelinga og meir inntekter knytt til ulike statstilskott.

Avdelinga har fått om lag kr 205.000,- til tiltak retta mot sårbare barn. Vi har regulert denne meirinntekta mot auka lønsutgifter.

Så har avdelinga motteke om lag kr 280.000,- som eit øyremarka statstilskott til innkjøp av læremiddel. Desse midlane rår vi til vert avsett til eit bunde driftsfond då nye læremiddel i samband med Fagfornyinga enno ikkje er klare.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommunen har fått ein del midlar i samband med Koronapandemien. Nokre av desse midlane er fordelt ut tidlegare. No ynskjer kommunedirektøren å auke avdelingane/ansvara med 6,0 mill kr der det meste går til å dekke meirkostnadane innan legetenesta. Ei slik endring gjer at avdelingane/ansvara ikkje får så store meirkostnadar i høve budsjettet som dei elles ville ha fått.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:


Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen  
Økonomileiar



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
208/20	Formannskapet	17.11.2020
28/20	Ungdomsrådet	18.11.2020
40/20	Oppvekstutvalet	19.11.2020
113/20	Maritim og teknisk utval	23.11.2020
52/20	Utval for helse og omsorg	25.11.2020
65/20	Utval for næring, kultur og idrett	25.11.2020
34/20	Eldrerådet	18.11.2020
51/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	23.11.2020
	Formannskapet	
181/20	Kommunestyret	10.12.2020
57/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2020

### Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

#### Samandrag:

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 omhandlar bruken av kommunale midlar til drift og investering. Formannskapet fekk ei orientering om budsjettsituasjonen for 2021 i formannskapsmøtet 3. november.

Etter handsaming i formannskapet 17. november, ligg saka til ute til uttale i to veker. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret den 10. desember.

#### Utval for næring, kultur og idrett 25.11.2020:

##### Behandling:

#### UN- 65/20 Vedtak:

Utval næring, kultur og idrett tek budsjettforslaga til vitande, men kan ikkje einast om eit felles budsjettforslag.

#### Utval for helse og omsorg 25.11.2020:

##### Behandling:

HOU forslag til vedtak, foreslått av Trond Arne Aglen,  
Utval for helse og omsorg tek dei ulike framlegg til budsjett til vitande.

Med slikt tillegg:



Utval for helse og omsorg ber om at det vert sett av planleggingsmidlar med kr 600.000,- i budsjettet til ny barneavlastning og nytt felles legesenter i 2021

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**UHO- 52/20 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg tek dei ulike framlegg til budsjett til vitande med slikt tillegg:

Utval for helse og omsorg ber om at det vert sett av planleggingsmidlar med kr 600.000,- i budsjettet til ny barneavlastning og nytt felles legesenter i 2021.  
Dekkast gjennom bruk av midlar frå ubunde kapitalfond - Tomtefondet konto 25300010

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 23.11.2020:**

**Behandling:**

Kommunedirektøren hadde ei grundig og god orientering om budsjettet og budsjettprosessen. Rådet har merknadar til gebyrsatsar for fullkost og vil sende dette inn som høyringssvar. Frist for dette er 25.11.20.

**RFF- 51/20 Vedtak:**

Rådet tek orienteringa til vitande, med følgande merknad til gebyr- og avgiftssatsane i Herøy kommune: Rådet er kritiske til at det ikkje har vore reell medverknad før saka kjem til formannskapet. Rådet ber om å bli tatt med i sakshandsaminga for satsar og gebyr for 2022Rådet er i mot auken i fullkost og ber om at satsen vert ståande på kr. 3.600, alternativt auke med maks KPI

**Maritim og teknisk utval 23.11.2020:**

**Behandling:**

Kommunedirektør Trond Arne Aglen møtte og orienterte.  
Richard K. Gjerde (KrF) kom med slikt framlegg:  
Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 vert tatt til vitande.  
Framlegget frå Richard K. Gjerde (KrF) vart samrøystes vedteke.

**MTU- 113/20 Vedtak:**

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 vert tatt til vitande.

**Oppvekstutvalet 19.11.2020:**

**Behandling:**

Kommunedirektør Trond Arne Aglen møtte og orienterte om budsjett- og økonomiplan, og grunnlaget for denne.

Carl-Henrik Myrseth Moltumyr (H) kom med slik framlegg:

"Oppvekstutvalet ber om at nødvendige midlar går til planlegging av ny skule på Bergsøya. Midlane skal takast frå løyvde midlar på investeringsbudsjettet."

Framlegget frå Carl-Henrik Myrseth Moltumyr (H) vart samrøystes vedteke.

**OU- 40/20 Vedtak:**

Oppvekstutvalet ber om at nødvendige midlar går til planlegging av ny skule på Bergsøya. Midlane skal takast frå løyvde midlar på investeringsbudsjettet.

#### Ungdomsrådet 18.11.2020:

##### Behandling:

Herøy ungdomsråd kom med slikt nytt tillegg:

Herøy ungdomsråd tek saka til vitande, men ønsker ny Bergsøy skule.

##### UNG- 28/20 Vedtak:

Herøy ungdomsråd tek saka til vitande, men ønsker ny Bergsøy skule.

#### Formannskapet 17.11.2020:

##### Behandling:

Camilla Storøy (KrF) kom med slikt felles framlegg frå KrF, Ap, Folk og Sp:

Sjå vedlegg "Budsjettframlegg Krf-Ap-Folk-Sp"

Ann-Kathrin (Tine) Storøy (H) kom med slikt framlegg:

Sjå vedlegg "Budsjettframlegg Høgre"

Karl-Oskar Sævik (FrP) kom med slikt framlegg:

Sjå vedlegg "Budsjettframlegg FrP"

##### Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg fall mot 9 røyster.

Camilla Storøy (KrF) sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster. Tor Sindre Steinsvik (H), Tine Storøy (H) og Karl-Oskar Sævik (FrP) røysta i mot.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy (H) sitt framlegg fall med 2 røyster. Ann-Kathrin Storøy (H) og Tor Sindre Steinsvik (H) røysta for.

Karl-Oskar Sævik sitt framlegg fall med 1 røyst. Karl-Oskar Sævik (FrP) røysta for.

##### F- 208/20 Vedtak:

Herøy kommune vedtek «Budsjettframlegg Krf-Ap-Folk-Sp»

##### Kommunedirektøren si tilråding:

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2021 (avrunda ned til næraste kr 10.000,-).

		2020	2021
13	Servicetorg	3.280.000	3.220.000
14	Dok senter og pol sekr.	2.810.000	2.970.000
15	Økonomiavdelinga	5.170.000	4.500.000
16	Personal og org. avdelinga	7.980.000	7.870.000
60	Eigedomsavdelinga	20.490.000	20.060.000
	<b>SUM STABSAVDELINGA</b>	<b>39.830.000</b>	<b>38.620.000</b>
21	Barnehageavdelinga	72.750.000	73.150.000
22	Grunnskuleavdelinga	109.840.000	107.140.000
2271	Kvalifiseringssenteret	-640.000	-2.430.000
2275	PPT	4.320.000	3.900.000
2281	Kulturskulen	4.080.000	4.190.000

	<b>SUM GRUNNSKULEAVDELINGA</b>	<b>190.350.000</b>	<b>185.950.000</b>
30	Sektorleiing Helse og omsorg	-6.600.000	1.400.000
31	Avd for barn, familie og helse	61.140.000	59.250.000
32	Pleie- og omsorgsavdelinga	119.590.000	116.830.000
33	Bu- og habiliteringsavdelinga	44.140.000	45.910.000
35	Avd for Tenestekoordinering	8.810.000	8.920.000
	<b>SUM HELSE OG OMSORG</b>	<b>227.080.000</b>	<b>232.310.000</b>
40	Kulturavdelinga	10.110.000	9.530.000
50	Utviklingsavdeling	5.000.000	6.700.000
504	Landbruksavdelinga	1.480.000	1.280.000
506	Avd for brannvern og feiing	8.770.000	8.270.000
51	Anleggs- og driftsavdelinga	8.980.000	8.770.000
	<b>SUM SAMFUNNSUTVIKLING</b>	<b>34.340.000</b>	<b>34.550.000</b>
10	Folkevalde/Politisk leiing	3.840.000	3.760.000
12	Adm leiing	1.870.000	2.040.000
17	IKT / SSIKT	9.180.000	9.380.000
18	Overføringar	15.780.000	13.870.000
	<b>SUM ANDRE OMRÅDER</b>	<b>30.670.000</b>	<b>29.050.000</b>

1. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2021

1. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2020, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2021.

#### 10. Måltal:

1. Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter seinast innan 2026
  2. Kommunen sine disposisjonsfond skal utgjere 10% av samla frie inntekter seinast innan 2028
  3. Kommunen si netto lånegjeld (eks startlån) skal innan 2030 ikkje overstige 100% av kommunens driftsinntekter.
  4. Kommunens eigenfinansiering av investeringar skal ligge på 20% innan 2024.
3. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
4. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg

godkjenning (økonomisk avslutning).

5. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
6. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 31,1 mill for 2021 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller kommunedirektør får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
7. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.
8. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2021. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
9. Kommunedirektøren får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
10. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2021 og økonomiplanen for perioden 2021-2024 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

#### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument:**

#### **Saksopplysningar:**

Viser til vedlegg Budsjettdokument av 12.11.2020

#### **Vurdering og konklusjon:**

Formannskapet skal sende si tilråding til kommunestyret for handsaming 10.desember. Tilråding til budsjett- og økonomiplanforslag skal ligge ute til offentleg ettersyn i minimum 14 dagar, jf. Kommuneleven 14-3.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen  
Økonomileiar

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.11.2020 - 208/20  
Herøy kommune vedtek «Budsjettframlegg Krf-Ap-Folk-Sp»

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.11.2020 - 51/20

Rådet tek orienteringa til vitande, med følgande merknad til gebyr- og avgiftssatsane i Herøy kommune: Rådet er kritiske til at det ikkje har vore reell medverknad før saka kjem til formannskapet. Rådet ber om å bli tatt med i sakshandsaminga for satsar og gebyr for 2022. Rådet er i mot auken i fullkost og ber om at satsen vert ståande på kr. 3.600, alternativt auke med maks KPI

Vedtak som innstilling frå Utval for helse og omsorg - 25.11.2020 - 52/20

Utval for helse og omsorg tek dei ulike framlegg til budsjett til vitande med slikt tillegg:

Utval for helse og omsorg ber om at det vert sett av planleggingsmidlar med kr 600.000,- i budsjettet til ny barneavlastning og nytt felles legesenter i 2021. Dekkast gjennom bruk av midlar frå ubunde kapitalfond - Tomtefondet konto 25300010

Vedtak som innstilling frå Oppvekstutvalet - 19.11.2020 - 40/20

Oppvekstutvalet ber om at nødvendige midlar går til planlegging av ny skule på Bergsøya. Midlane skal takast frå løyvde midlar på investeringsbudsjettet.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet - 18.11.2020 - 28/20

Herøy ungdomsråd tek saka til vitande, men ønsker ny Bergsøy skule.

Vedtak som innstilling frå Utval for næring, kultur og idrett - 25.11.2020 - 65/20

Utval næring, kultur og idrett tek budsjettforslaga til vitande, men kan ikkje einast om eit felles budsjettforslag.

**Vedlegg:**

Administrativt framlegg

Budsjettframlegg FRP

Budsjettframlegg Høgre

Budsjettframlegg Krf-Ap-Folk-Sp (Formannskapet si innstilling)

**Saksopplysningar:**

«Skriv her»

**Vurdering og konklusjon:**

«Skriv her»

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Saksbehandlarnamn  
Saksbehandlartittel